

## Innhald (under utarbeiding – ikkje fullstendig)

- Visjonar og siktemål
- Kvalitetar og verdiar
- Overordna plangrep
- Valde plantema
  - Oppvekst
  - Helse og velferd
  - Drivkreftar for vekst og utvikling
    - Busetting og tettstadsutvikling
    - Tilrettelegging for hytteturisme
    - Næringsutvikling og sysselsetjing
  - Regionalt samarbeid

(Dette som kommer nedenfor er en foreløpig oversikt over aktuelle temaer. Dette må jeg jobbe videre med og komme tilbake til).

- Gjennomgåande plantema
  - Folkehelse
  - Miljø, energi og klima
  - Universell utforming og anna inkludering
  - Barn og unge
  - Samfunnssikkerheit og beredskap
- Langsiktig arealstrategiar
  - Tettstadsutvikling, busettingsmønster og bygdeutvikling
  - Næringsutvikling og kompetanse
  - Varehandel, og offentleg og privat tenesteyting
  - Transportløysingar
  - Jordvern
  - Kulturminner og kulturlandskap
  - Barn og unge
  - Strandsona langs Slidrefjorden
  - Grønnstruktur
  - Naturmangfald
  - Miljøomsyn, energi og klima
  - Folkehelse og universell utforming
- Arealdel
  - Oversiktskart
  - Delplaner
  - Fritidsbebyggelse
  - Temakart
  - Planbestemmelser og retningslinjer
- Handlingsdel
  - Handlingsprogram
  - Økonomi: årsbudsjett og økonimiplan

## VISJON OG SIKTEMÅL

### Visjon

*Ein visjon er ein lede-tråd og eit framtidsbilete for ønsket utviklingsretning for Vestre Slidre. Den seier noko om kvalitetar og verdier – kva vi (innbyggjarar, lag og foreiningar, næringsliv, offentleg administrasjon og politikarar) saman skal stå for framover. Visjonen som leggest til grunn for arbeidet med utvikling og profilering av Vestre Slidre skal være:*

**Vestre Slidre: Valdres' matkammer – førebels; her skal det lysast ut ei konkurranse**

Vestre Slidre skal være ein framtidsretta landbrukskommune. Visjonen angir at Vestre Slidre vil være ledande innan landbruk og lokal matproduksjon i åra framover. Vi skal ta vare på dei matprodusentane vi har, og leggje til rette for utvikling av nye næringar. Dette skal styrke og profilere Vestre Slidre som ein god stad å bu, drive næringsverksemd og besøke, spesielt for dei som engasjerer seg for tradisjonelt landbruk, moderne matproduksjon, sjølvforsyning og kortreist mat.

Vestre Slidre kommune er ei landbrukskommune i Valdres. Vi skal sjå og ta vare på vårt særpreg og komparative fortrinn innafor Valdres som region og fremje regionens interesser som heilheit. Dette inneber at vi skal ivareta og vidareutvikle det gode samarbeidet mellom kommunane og fremje dei andre kommunanes særpreg for å lyfte regionen som heilheit.

Saman skal vi ivareta og vidareutvikle Valdres som hytteregion og Vestre Slidre som ei særeigen hyttekommune. Hytteeigarar skal oppleve gjestfriheit og ynskjas velkommen til Valdres som ein verdsett del av lokalsamfunnet.

### Siktemål

Grunnleggjande siktemål for kommuneplanens visjon, mål og strategiar er at:

***Vestre Slidre skal være eit attraktivt sted å bu, flytte til og besøkje!***

Dette inneber at det i Vestre Slidre bevisst skal skapas gode bumiljø basert på natur- og livskvalitet. Vi ynskjer å nytte dette i arbeidet for å få økt tilflytting.

Ei positiv utvikling skal gi Vestre Slidre befolkningsvekst. Fleire innbyggjarar skal gi lokalsamfunnet tilgang til fleire ressursar og ny kompetanse - og gi eit økonomisk grunnlag som sikrar dei ulike utviklingsaktørane nødvendig handlingsevne.

Pr. 2016 er det 1761 innbyggjarar i Vestre Slidre i arbeidsdyktig alder. Eit offensivt ambisjonsnivå for vidare befolkningsvekst er at:

***Det skal være minst 1800 innbyggjarar i arbeidsdyktig alder i Vestre Slidre kommune i 2028!***

Dette krev økt tilflytting til Vestre Slidre og redusert fråflytting. I tillegg krevjast det ei endring i alderssamansetting og demografi. I tillegg til å auke den innanlandske netto-innflyttinga til kommunen, ynskjer vi å bruke busetting av flyktningar strategisk for å auke folketalet og betre demografien i kommunen.

Satsinga skal mellom anna skje gjennom marknadsføring og tiltak som synar dei moglegheitene og kvalitetene som gjer Vestre Slidre attraktiv.

**Vestre Slidre inn i framtida!**

## KVALITETAR OG VERDIAR

Kommuneplanens visjon er forankra i vektlegging av naturkvalitet, livskvalitet og utvikling.

### ***Naturkvalitet: Nærleik til natur***

Vestre Slidre si styrke ligg i det mangfaldige naturlandskapet med fjell, vatn, skogar, åkrar, grender og stølsområdar. Desse omgjev tettstadene Slidre og Røn, og må tas vare på inn i framtida. Nærleiken til den vakre naturen tiltrekker seg personar som ynskjer å leve i pakt med naturen og nytte eller nytte naturens naturlege spiskammers. Kommunen ynskjer å forbli blant dei største i fylket når det gjeld aktiv stølsdrift og dyrke dette som eit kommunalt fortrin.

Vestre Slidre skal i målretta profilering nytte nærleiken til naturen til å utvikle kommunen som ein naturkommune som fremjar folkehelse og livskvalitet. Førebyggjande helse skal vektleggjast i alle samanhengar. Det leggst opp til spreidd busetting med nærleik til vatnet og naturen elles som eit fortrinn. Befolkninga skal sikrast tilgang til vatnet, med tilrettelegging for aktiv bruk av naturen rundt. Samstundes skal miljø og naturkvalitetar sikrast og bevarast til glede for kommande generasjonar.

### ***Livskvalitet: Trivsel og tryggleik***

I ei tid kor mange søker seg mot urbane områdar, ynskjer Vestre Slidre å tilby trivsel og tryggleik til dei som ynskjer å frigjera seg frå det urbane og bu i vakre og stille omgjeve med nærleik til naturen. Kommunen skal profilere seg som ein landbrukskommune med gode moglegheiter for dei som draumar om å bu på gard, drive småbruk eller byggje seg eit hus med god plass nær barnehage, skule, fritids- og kulturaktivitetar.

Vestre Slidre har eit rikt fritidstidtilbod og Noregs tredje beste kulturskule. Det er eit omfattande og levende organisasjonsliv med sterk dugnadsånd som vi ynskjer å vidareføre. Kombinert med moglegheitene for eit rikt friluftsliv, gir dette befolkninga arenaer for aktiv utfolding av energi, kreativitet og engasjement som fremjar trivsel og helse.

Vestre Slidre er ein liten kommune kor alle kjenner kvarandre og tek vare på einannan. Kommunen står for eit godt offentlig tenestetilbod – til barn, unge og eldre. I Vestre Slidre finner man trygge barnehagar og grunnskule kor nærleiken til kvarandre, naturen og landbruket står sterkt. Det skal leggjast til rette for- og stimulerast til aktiviteter som bidreg til å heve befolkninga si livskvalitet, både når det gjeld tenester og fysiske omgjeve. Eit heilhetleg og tilgjengeleg tilbod av tenester skal sikre velferd og trivsel for innbyggjarane. Forutsigbare og gode helse- og omsorgstenester skal gi befolkninga tryggleik i kvardagen. Dugnadsånd, engasjement, omsorg og gjestfriheit skal prege befolkninga og kvardagslivet i kommunen!

### ***Utvikling: landbruk og anna næring***

Vestre Slidre er ei kommune med sterkt landbruk, der det visast vilje til utvikling og nytenking. Det skal satsast vidare på tradisjonelt landbruk i tillegg til utvikling av nye næringar med nærleik til natur. Småskalaproduksjon av mat og andre lokalvarer aukar i tråd med aukande interesse for produksjon av lokale varer og tenester. Det same gjer etterspurnaden etter gards- og stølsbesøk samt tilgang til jakt og fiske blant turistar. Mykje av den nye matproduksjonen er retta inn mot eit stadig voksende hyttemarknad. Administrasjonen og næringslivet må være offensive og nyskapande i møte med moglegheitene dette gir.

## OVERORDNA FØRINGAR

Følgjande overordna føringar leggjast til grunn for vidare arbeid for ynskt samfunnsutvikling:

### **1. Vestre Slidre skal være ein attraktiv stad å leve, bu og arbeide**

Vestre Slidre skal nytte dei vakre omgjeve, stillheten og den gode plassen til å tiltrekkje seg folk som ynskjer å bu landlig. Det skal være trygt å vokse opp, bu og bli gamal i Vestre Slidre. I samarbeid med nabokommunane, skal det leggjast til rette for varierte bumoglegheiter og eit framtidsretta næringsliv.

Gode møteplassar, samarbeid og frivillig arbeid skal stimulerast for å auke trivselsen og redusere dei offentlege samfunnskostnadane. Folkehelse, miljøomsyn og universell utforming skal være bærande verdiar i aktivitetar og lokalsamfunnsutvikling.

### **2. Vestre Slidre skal styrke næringsverksemd knytt til lokal matproduksjon**

Vestre Slidre skal være ledande innan landbruk og lokal matproduksjon. Vi skal ta vare på dei matprodusentane vi har, og leggje til rette for utvikling av nye næringar. Vestre Slidre skal være den naturlege kommunen å velje for dei som ynskjer seg vekk frå byen og søker å leve nær og av naturen.

### **3. Vestre Slidre og Valdres skal være Noregs mest attraktive hytte- og tuområde**

Vestre Slidre skal profilere seg som ein attraktiv hyttekommune i Valdres med vakker natur, samanhengande turveger gjennom fjellet, aktive stølsområdar og kortreist mat av høgaste kvalitet.

### **4. Vestre Slidre skal fremje regionalt samarbeid**

Vestre Slidre skal profilere seg som ein kommune i Valdres og sjå sin styrke i samanheng med nabokommunane. I staden for å sjå på nabokommunane som konkurrentar, skal vi samarbeide om å utvikle ein heilhetleg profil for regionen kor dei ulike kommunale fortrinna kan løftast fram. Vi skal bidra til utvikling og vekts i heile Valdres og arbeide for å synleggjere variasjonane mellom dei ulike kommunane.

## SATSINGSOMRÅDER

*Det er ein del sentrale tema som det er viktig å gripa tak i – både for å møte dei utfordringane og moglegheitene som planen peiker på, og for å utvikle Vestre Slidre i ynskt retning. I dei kommande 12 åra skal Vestre Slidre ha fokus på følgjande tema:*

- **Oppvekst**
- **Helse og velferd**
- **Drivkreftar for vekst og utvikling**
  - ✓ **Busetting og tettstadutvikling**
  - ✓ **Hytteturisme**
  - ✓ **Næringsutvikling og sysselsetjing**
- **Regionalt samarbeid**

*Under kvart av plantema definerast det felles mål og strategiar for vidare utviklingsarbeid under dei ulike tema for hele Vestre Slidre kommune, samt eigne strategiar for kommunal oppfølging.*

*Strategiar for kommunal oppfølging må vurderast og konkretisast gjennom det årlege arbeidet med handlingsdelen til samfunnsdelen. Med synliggjing av samanhengen mellom dei kortsiktige prioriteringar, mål og tiltak og dei langsiktige plangrep og strategiar som gis i kommuneplanen.*

*Andre plantema som kommunen har ansvar for å fylgje opp og yte teneste rundt, er fortsett knytt opp til utarbeiding og oppfølging av ulike sektor- og fagplanar m.m. Dei viktigaste av disse er prioritert gjennom vedtatt kommunal planstrategi.*

## 1. OPPVEKST (OG INTEGRERING?)

### Vestre Slidre som oppvekstkommune

#### Mål og strategiar

Mål for utviklinga av Vestre Slidre som oppvekstkommune:

*Barn og unge skal trivst og settast i stand til å møte utfordringar.*

Kjenneteikn på måloppnåing vil være at Vestre Slidre har glade barn og unge som meistrar, utviklar seg og følar at dei lukkast i liva sine. Dette krev samhandling mellom barn, ungdom og vaksne. Dei vaksne rundt barna må ta eit ekstra ansvar for kvaliteten i denne kontakta.

#### Strategiar for målretta utvikling av Vestre Slidre som oppvekstkommune

- Gje barn grunnleggjande kunnskap og tryggleik.
- La barn og unge oppleve meistring, medverknad og inkludering i kvardagen.
- Gi barn og unge moglegheit for natur- og kulturopplevingar som gir røter, livsglede, helse og bulyst gjennom heile oppveksten.
- Vidareutvikle det gode tverrfaglege samarbeidet omkring barn og unge si oppvekst i Vestre Slidre.
- Styrke samarbeidet med Valdres Vidaregåande skule for å sikre ein god overgang frå ungdomsskulen til vidaregåande skule og at vidaregåande opplæring inkluderast i den heilhetlege oppfølginga av barn og unge.
- Utvikle dei vaksne si kompetanse som premissleverandør for barns oppvekstmiljø.
- Utvikle kommunestyret si forståing av å være barnehage- og skuleeigar.

#### Kommunal oppfølging:

1. **Ivareta nødvendig vedlikehald av barnehagar og skular.**
2. Gi barn og unge grunnleggjande kunnskap og ferdighet i lek, lesing, skriving og rekning.
3. Stimulere til økt frivillig innsats for og med barn og unge.
4. Involvere barn og unge i kommunal planlegging.
5. Legge til rette for trygge oppvekstmiljø som stimulerer til nær kontakt med naturen, fysisk aktivitet og sosial omgang med andre.
6. Integrere aktivitetar og opplevingar knytt til lokal matproduksjon i barnehage og skule.
7. **Utredde og iverksetje aktuelle aktivitets- og fritidstilbod for barn og unge.**
8. Legge grunnlaget for- og samarbeide om at ungdom frå Vestre Slidre gjennomfører vidaregåande skule.
9. Sikre ungdom under utdanning læreplassar og arbeide for at kommunen innan utgangen av 2018 har 2 lærlingar pr. 1000 innbyggjar.
10. Gje eit heilheitleg og tilpassa utdanningsløp, med læring, lek og omsorg i både barnehage og skule.
11. Sikre gode buforhald for alle barnefamiljar.
12. Tilby foreldrekompetanse-kurs til alle foreldre.
13. Målretta oppfølging av foreldre som samhandlar dårlig eller er utrygge på sin foreldrekompetanse.
14. Utvikle dei tilsette si relasjonskompetanse i kontakten vaksen – barn/ungdom.
15. Utvikle kommunestyre si kompetanse som barnehage- og skuleeigar.
16. Utarbeide ny kommunedelplan for oppvekst og integrering.
17. Ha eit sektorovergripande perspektiv i all planlegging som rør barn og unge si oppvekst, med vekt på førebyggjande verksemd og tidleg innsats for å løyse problem på eit lågast mogleg nivå.

## 2. HELSE OG VELFERD

### Vestre Slidre som helse- og velferdskommune

#### Mål og strategiar

Mål for utviklinga av Vestre Slidre som helse- og omsorgskommune:

*Vestre Slidre skal fremje folkehelse og gje eit helse- og omsorgstilbod som gir alle eit sjølvstendig og verdig liv.*

Dette inneber at helsefremjande og førebyggjande arbeid må tydeleggjerast som eit prioritert satsingsområde i lokalsamfunnet og kommunen – og at det skal leggjast til rette for samarbeid. Effekten av arbeidet skal kjenneteiknas ved ein positiv utvikling av de sentrale folkehelseindikatorane.

Helse- og omsorgstenestene skal være forutsigbare og byggjast opp rundt den enkelte innbyggjar. Dei skal gi moglegheit for å bu i eige heim så lenge ein sjølv ynskjer og klarar det. Langvarige og omfattande omsorgsbehov kan betenas i omsorgsbustadar og på sjukeheim med fast tilknytt bemanning, tilpassa bebruaranes behov.

#### Strategiar for målretta utvikling innanfor helse- og omsorg:

- Utarbeide ei oversikt over befolkninga si helse og faktorar som påverkar dette i samarbeid med dei andre Valdres-kommunane, og identifisere utfordringar som krev innsats.
- Sette fokus på fleire tiltak for å møte morgondagen sine utfordringar – som folkehelsearbeid og førebyggjande tiltak, investeringar i universell utforming av bustader og betre omgjeve.
- Stille krav og legge til rette for befolkninga si helse – med den enkelte sitt ansvar for eigenomsorg og det offentlege sitt ansvar for helseopplysning og ulike velferdstilbod.
- **Utvikle møteplassar for å fremje samhandling på tvers av sektorar og nivå.**
- **Redusere ulykkesrisiko, helseskadeleg støy, luftforureining, stråling og smittevern gjennom mellom anna interkommunalt samarbeid.**
- Bevisstgjere innbyggjarane på eget ansvar for tilrettelegging for eigenomsorg, ved å nytte eigen vilje, hjelpemidlar, teknologiske moglegheiter og frivillige omsorgsressursar.
- Leggje til rette for at innbyggjarane skal få bu lengst mogleg i eige heim. Spele på dei moglegheiter og ressursar brukaren, familien og nærmiljøet rundt har.
- Vektlegge rehabilitering slik at brukarane blir mest mogleg sjølvhjelpne.
- Legge til rette for eit godt samarbeid og dialog mellom dei ulike nivåa for helsetenester, og medverke til interkommunal og offentleg-privat samhandling.
- Bidra til å sikre innbyggjarar gode helseteneste ved å styrke VLMS'et på Fagernes.

#### Kommunal oppfølging:

1. Utarbeide ei folkehelseoversikt og ein langsiktig og kunnskapsbasert folkehelseplan i samarbeid med dei andre Valdres-kommunane.
2. Arbeide for økt arbeids- og aktivitetstilbod til ulike befolkningsgrupper.
3. Sikre at alle tenesteområder tar omsyn til folkehelseperspektivet i all verksemd – og gjennomfører helsefremjande tiltak i samarbeid med organisasjonar og frivillige ressursar.
4. Støtte og bidra til at enkeltpersonar og grupper av befolkninga sjølv tar ansvar for eigen helse, med formidling av kunnskap for å skape bevisstheit og engasjement rundt tema.
5. Følgje opp barn dei fyste leveåra, med tilbod om vaksiner, individuell rådgjeving og grupperetta helseopplysning tilpassa dei ulike aldersgruppene.
6. Gje barn og unge i barnehagar og skolar gode kosthaldsvaner, moglegheit for friluftsliv, fysisk aktivitet og symjeopplæring – samt gje merksemd rundt psykisk helse hos elevane.

7. Leggje til rette for fysisk aktivitet og stimulere til bruk av tur- og rekreasjonsområdar, gjennom informasjonstiltak rundt dei moglegheiter som finst.
8. Leggje til rette og tilby kulturtilbod av betydning for befolkninga si trivsel, herunder samarbeide med og støtte tilbod i regi av frivillige lag og foreiningar.
9. Sikre at folkehelseperspektivet blir vektlagt ved utforming av lokalsamfunnet.
10. Aktiv bruk av reguleringsbestemmingar, kommunale veiledarar og informasjon rundt universell utforming av bustader og omgjeve.
11. Sikre heimetenestetilbod, sjukeheimsplassar og plassar med heldøgnsomsorg i takt med befolkningsutviklinga.
12. Oppretthalde desentraliserte tenestetilbod knytt til omsorgssentra, med supplerande spesialiserte tenester sentralt plassert på Fagernes og Sjukehuset Innlandet.
13. Sikre tenestetilbodet tilstrekkeleg tilgang av kompetent helse- og omsorgspersonell.
14. Legge forholda til rette for frivillig deltaking og innsats i helse- og omsorgsverksemd.



### 3. DRIVKREFTER FOR VEKST OG UTVIKLING

#### 3.1 BUSETTING OG TETTSTADSUTVIKLING

##### Vestre Slidre som bukommune

##### Mål og strategiar:

Mål for utvikling av Vestre Slidre som bustadkommune:

*Vestre Slidre skal være ein attraktiv, særeigen og trygg stad å bu.*

Kjenneteikn på måloppnåing vil være auka tilflytting og aktivitet på fleire gardsbruk. Bygda skal pregast av små forhold, dugnadsand og omtanke for kvarandre. Vestre Slidre skal styrke sin profil som landbrukskommune, leggje til rette for dei som vil bu nær vatnet eller i bustadfelt i Slidre og Røn, og støtte oppunder tettstadsutvikling i Nord-Aurdal.

##### Strategiar for målretta utvikling av Vestre Slidre som bukommune

- Vestre Slidre skal profilere seg som ein matproduksjonskommune i Valdres.
- Kvalitetane som pregar Vestre Slidre skal nyttast i marknadsføring av kommunen.
- Heimesidene skal i større grad bidra til omdømmebygging og tiltrekking av nye innbyggjarar.
- Det skal stimulerast til utvikling av service-, oppleving- og aktivitetstilbod som trekker folk til kommunen (fastbuande og turistar).
- Det skal leggjast til rette for eit mangfaldig bustadmarknad som er attraktivt for ulike befolkningsgrupper i ulike livsfasar og livssituasjonar i samarbeid med Nord-Aurdal kommune.
- Den spreidde utbygginga skal oppretthaldas og omsyn til miljøvennleg areal- og transportløyisingar, trafikktryggleik og forureining skal ivaretakast.
- Det skal utviklast gode løysingar for busetting og integrering av flyktningar i kommunen.
- Ei sentral lokalisering av offentlege funksjonar, handel og service skal kombinerast med eit godt desentralisert tilbod av grunnleggjande teneste.

##### Kommunal oppfølging:

1. Arbeide for å frigjera gardsbruk og rekruttere unge barnefamiliar som ynskjer å bu på landet.
2. Oppgradere nettsida slik at ho blir meir oversikteleg og inviterande ovanfor folk som er interessert i å flytte til Vestre Slidre.
3. Marknadsføre kommunens særpreg og komparative fortrinn.
4. Marknadsføre moglegheitene for næringsverksemd i Vestre Slidre kommune.
5. Bidra til regulering og tilrettelegging for bustadbygging som imøtekjem ulike behov.
6. Vidareutvikle samarbeidet mellom kommunen, regionen, grunneigarar, eigedomsutviklarar og næringsaktørar for å stimulera til aktivitet som imøtekjem innbyggjaranes, besøkjandes og næringslivets behov.
7. Med utgangspunkt i stadsanalysane som gjennomførast vinteren 2017 skal det leggjast ein konkret plan for bustadbygging i Vestre Slidre kommune sett i samanheng med nabokommunane.
8. Vidareføre integreringsutvalet og engasjere dette i å få busett flyktningar og tilby tilflyttarar arbeidsmoglegheiter.
9. Oppretthalde og marknadsføre kommunens fulle barnehagedekning, gode helsetenester og den gode kulturskolen.

## 3.2 HYTTETURISME

### Vestre Slidre som hyttekommune

#### Mål og strategiar:

Mål for Vestre Slidre som hyttekommune:

*Vestre Slidre skal være ein av landets mest attraktive hytteområder*

Vestre Slidre skal være ein særegen hyttekommune i Valdres. Den skal ha en eigen profil som utfyller Valdres som ein komplett hytteregion retta mot eit mangfaldig marknad. Vestre Slidre skal ha eit godt samarbeid med hytteforeninga i kommunen og involvere hytteeigarar som ein ressurs i kommunens aktivitetar.

#### Strategiar for målretta utvikling av Vestre Slidre som hyttekommune

- Identifisere Vestre Slidre sitt særpreg som hyttekommune i Valdres i samarbeid med dei andre Valdres-kommunane.
- Profilere Vaset som kommunen sitt prioriterte hytteområde.
- Marknadsføre lokal matproduksjon og gards- og støltsturisme mot hytteeigarar og andre turistar.
- Vidareutvikle det gode samarbeidet med Vestre Slidre hytteforeining.
- Fokuserer på målretta næringsutvikling som imøtekommer hytteturistanes behov og etterspurnad.

#### Kommunal oppfølging:

1. Bruke fellesprosjektet «Berekraftig hytteutvikling» til å identifisere Vestre Slidre sitt særpreg som hyttekommune i Valdres.
2. Samarbeide med Vaset Vekst i utviklinga av ei profil for Vaset som synleggjer Vaset som eit særeiget hytteområde i Valdres.
3. Utvikle arenaer for marknadsføring og sal av lokale matvarer, gards- og støltsturisme.
4. Oppretthalde tett kontakt med hytteforeninga og innhente innspel til relevant planarbeid og anna arbeid i kommunal regi.
5. Oppmuntre til- og legge til rette for næringsutvikling retta inn mot hytteeigarar og andre turistar.

### 3.3 NÆRINGSUTVIKLING OG SYSSELSETTING

#### Mål og strategiar:

Mål for næringsutvikling i Vestre Slidre:

*Vestre Slidre skal leggje til rette for næringsverksemd og vidareutvikle spisskompetanse på lokal matproduksjon.*

Kjenneteikn på at Vestre Slidre lukkast vil være at det er aktivitet på gardane i kommunen. Det vil være ei auke i talet personar som driv med tradisjonelt landbruk eller satsar på utvikling av nye næringar. Vestre Slidre vil samstundes legge til rette for anna type næringsverksemd, både i Vestre Slidre og i nabokommunane.

#### Strategiar for målretta næringsutvikling:

- Styrke og synleggjere Vestre Slidre sin profil som matproduksjonskommune.
- Utnytte heile produksjonsgrunnlaget innafor landbruk til størst mogleg verdiskaping i lokalsamfunnet.
- Leggje til rette for etablering av nye næringar og styrke bedriftsetableringar som gjer at regionen behaldar eller hentar fleire kvalifiserte tilsette.
- Stimlere til opprettinga av fleire mattilbod i kommunen.
- Styrke regional spisskompetanse innafor landbruksbasert verksemd og matproduksjon.
- Etablere arenaer og nettverk for å styrke kontakt og samarbeid i kommunalt og regionalt næringsliv.
- Prioritere ressursar til næringsutvikling i kommuneadministrasjonen.
- Arbeide aktivt for at reiseliv/turisme får økt merksemd og sterkare fokus.
- Utvikle ein regional næringsstrategi for heile Valdres med ein eigen kommunal handlingsdel.
- Drive aktiv etablerings- og verkemiddel-veiledning gjennom næringshagen og Valdres Natur- og Kulturpark.
- Støtte oppunder næringsutvikling i nabokommunane og leggje til rette for at folk som arbeider i nabokommunane kan bu i Vestre Slidre.

#### Kommunal oppfølging:

1. Styrke kommunens ressursar, engasjement og samhandling med det lokale og regionale arbeidet for næringsutvikling.
2. Marknadsføre Vestre Slidre som ein matproduksjonskommune retta mot potensielle innflyttarar, hytteeigarar og andre besøkande.
3. Følgje opp landbruksmeldinga ved å etablere stimuleringstiltak for landbruket og bruke landbrukskontoret i kommunen aktivt som førstelinjeteneste for Innovasjon Norge på landbruksområdet.
4. Sikre kort saksbehandlingstid ved handvingingar rundt næringsetableringar.
5. Frigjere ledige gardsbruk for sal for å tiltrekke unge barnefamiliar som ynskjer å bu på gard.
6. Legge til rette for nye tomteområder for næringsutvikling på etterspurnad.
7. Oppretthalde samarbeidet med hytteforeninga for å vidareutvikle hytteområdene i kommunen og tiltrekke seg fleire turistar.
8. Styrke sentrum i Slidre og Røn gjennom eit todelt stadsutviklingsprosjekt for å skape grobotn for handelsverksemd og arenaer for kulturell aktivitet.

#### **4. REGIONALT SAMARBEID**

##### **Mål og strategiar:**

Mål for Vestre Slidre som ein kommune i Valdres:

*Vestre Slidre skal bestå som ein eigen kommune, men sjå seg sjølv som ein del av Valdres som region og fremje regionalt samarbeid innafor alle sektorar.*

Kjenneteikn på at Vestre Slidre lukkast vil være at kommunen oppfattast som ein pådrivar for regionalt samarbeid i Valdres. Samarbeidet mellom dei ulike Valdres-kommunane vil bli stadig sterkare og fleire planar og funksjonar vil gjennomførast i samarbeid mellom kommunane for å sikre best mogleg kvalitet og ressursbruk. Det vil komme tydeleg frem i profileringa av Vestre Slidre at kommunen er ein del av Valdres som region og at kommunens satsingsområdar sjåast som ein del av eit bilete på Valdres som heilheit.

##### **Strategiar for målretta regionalt samarbeid:**

- Være ein positiv pådrivar for regionalt samarbeid.
- Fremje felles regional planlegging innafor relevante områder.
- Identifisere og synleggjere Vestre Slidre sitt komparative fortrinn innafor Valdres som region.
- Utarbeide ein profil for hytteområdene i Vestre Slidre som synar Vestre Slidre som ein hytteregion i Valdres.
- Bidra til vekst og utvikling i andre kommunar og fremje nabokommunane sine komparative fortinn.

##### **Kommunal oppfølging:**

1. Ta initiativ til samarbeid og støtte oppunder ein samarbeidskultur i regionen.
2. Koble kommunens satsing på landbruk og lokal matproduksjon til merkevaren «smak av Valdres» og leggje ekstra innsats i å fremje denne regionale merkevaren.
3. Utarbeide felles planar for mellom anna folkehelse; miljø, energi og klima; forvaltning av kulturminnar; bustadbygging og næringsutvikling.
4. Saman med dei andre kommunane i Valdres, identifisere dei ulike kommunane sitt komparative fortrinn og synleggjere dei unike kvalitetane i kvar kommune innafor ramma av Valdres som region.
5. Utnytte «hytteprosjektet» (Valdres Natur- og Kulturpark) til å utarbeide ein felles profil for Valdres som hytteregion som synar kvar kommunes unike kvalitetar og komparative fortrinn.
6. Framsnakke nabokommunane og feire vekst og utvikling i heile regionen.

## **GJENNOMGÅANDE PLANTEMA (ikkje gjennomarbeida)**

### **KLIMA, ENERGI OG MILJØ**

#### **Mål og strategiar:**

Mål for utvikling innanfor området klima, energi og miljø:

*Klima og miljø skal gjennomsyre all aktivitet i Vestre Slidre*

Kjenneteikn på måloppnåing er auka bevissthet og omsyn til effekten av ulike tiltak på miljø og klima. Vestre Slidre skal fremje miljø og klima som eit viktig regionalt satsingsområde. Kommunen skal redusera energiforbruket og utslepp av klimagassar. Det skal leggjast til rette for størst mogleg bruk av alternative transportmidler. Varmeenergien skal i størst mogleg grad produserast av lokale ressursar i lokale anlegg.

#### **Strategiar for målretta utvikling innanfor området klima, energi og miljø:**

- Påverke innbyggjarar til miljøvenneleg atferd gjennom haldningsarbeid og oppbyggjing av kunnskap.
- Stimulere til miljøriktige val ved å tilretteleggje for kollektivtransport, sykkel og gåande.
- Bidra til økt kunnskap og miljøriktige handligar gjennom målretta saksbehandling og informasjon om ressursar og energibruk.
- Redusere lokal miljøforureining, herunder velje energikilder som bidreg til at CO<sub>2</sub>-utslepp reduserast nasjonalt. Redusere totale klimautslepp i tråd med nasjonale føringar.

#### **Kommunal oppfølging:**

1. Synleggjere effekten av ulike beslutningar og tiltak på miljø og klima.
2. Ta initiativ, leiing og ansvar i lokalt og regionalt arbeid med miljø- og klimatiltak.
3. Bidra i revisjon av regional energi- og klimaplan.
4. Leggje til rette for arealbruk som som reduserar energiforbruk og utslepp av klimagassar.
5. Ta miljø- og klimaomsyn i all planlegging, utbygging, renovering og saksbehandling.
6. Gjennom beredskapsarbeid peke på nødvendige klimatilpasningar som følgje av meir ekstremvær.

## UNIVERSELL UTFORMING

### Mål og strategiar:

Mål for utvikling innanfor området universell utforming:

*Vestre Slidre skal være universelt utforma og tilgjengeleg for alle*

Dette inneber at det vil leggjast stor vekt på å forme dei fysiske omgjeve slike at flest mogleg kan delta i dei ulike samfunnsaktivitetane.

### Strategiar for målretta utvikling innafor området universell utforming:

- Bruke kompetanse om universell utforming for å finne gode løysingar i nye byggeprosjekt og fysiske tiltak i lokalsamfunnet.
- Tilretteleggje for arenaer for idretts- og kulturopplevingar for bevegelses-, orienterings-, syns-, og høyringshemma, inkludert lokalar og toaletter knytt til dette.

### Kommunal oppfølging:

1. Bidra til utvilginga av grunnleggjande forståing av betydninga av å tilretteleggje omgjeva slik at alle har moglegheit til å delta.
2. Bruke uavhengig kontroll i ulike fasar av byggeprosessar i utvalde byggeprosjekt for å sikre riktig universell og utforming og gode prosessar.
3. Tilby tilpassa kurs og opplæring for utval i kommuna om hvordan de kan bidra til universell utforming gjennom sitt arbeid og utøving av si rolle.
4. Ta omsyn til svaksynte, blinde, høyringshemma og personar med nedsett funksjonsemne i alle publikumsorienterte informasjons- og kommunikasjonsløysingar.
5. Sikre at arealplanlegging ivaretek krava til utforming av eit tilgjengeleg samfunn gjennom aktiv bruk av reguleringsbestemmingar og kommunal rettleiing og informasjon rundt utforming av bygningar og utearealar.

## **SAMFUNNSSIKKERHEIT OG BEREDSKAP**

### **Mål og strategiar:**

Mål for utvikling av samfunnssikkerheit og beredskap:

*Vestre Slidre skal være sikkert og ha beredskap for krisehandtering*

### **Strategiar for målretta utvikling av samfunnssikkerheit og beredskap:**

- Vedlikehalde ei systematisk kartlegging av og vurdering av samfunnets og bedrifters risiko og sårbarheit i forhold til uynskjde hendingar.
- Utveksle kunnskap og erfaringar slik at dei ulike samfunnsaktørane gjensidig kan styrke kvarandre når det gjelder forebygging og beredskapsarbeid.
- Samarbeide lokalt og regionalt om gjennomføring av tiltak som reduserar samfunnets risiko- og sårbarheit.
- Betre og byggje ut mobildekninga i alle delar av kommunen.
- Avklare kva dei ulike beredskapsaktørane har for ansvar og roller i forbindelse med beredskap, utvikling av samfunnssikkerheit og håndtering av krisesituasjonar.

### **Kommunal oppfølging:**

1. Sørge for at kommunens organisasjon prioriterar ressursar til oppfølging av sikkerhets- og beredskapsarbeid.
2. Oppdatere risiko- og sårbarheitsanalysar for Vestre Slidre i tråd med planstrategien.
3. Utarbeide beredskapsplanar og gjennomføring av beredskapstiltak som analyse og planverk seier må foretas.
4. Ivareta samfunnssikkerheit gjennom avklaring av omsynssonar og oppfølging av bestemmingar rundt arealbruk og utbyggingstiltak i kommunen.
5. Vidareutvikle opplæring og bruk av digitale verktøy og informasjonsløysingar som støtte ved krisehandtering.
6. Gjennomføre jevnlege øvingar for å trene på handtering av kriser og for vidareutviling av kommunale beredskapsplanar – og verksemdhetas handteringsevne.
7. Innarbeide beredskapshensyn i alt planarbeid.
8. Utvikle eit breiare regionalt samarbeid rundt utvikling av samfunnssikkerheit og beredskap på tvers av kommunegrensane.

## LANGSIKTIGE AREALSTRATEGIAR

*De langsiktige arealstrategiar som leggjast til grunn for kommuneplanens arealdel innarbeidas i kommuneplanens samfunnsdel. Overordna mål og strategiar for samfunnsutvikling skal forme val og utforming av arealstrategiane. Disse skal gi klare føringar og rammer for vidare planlegging og utbygging i kommunen, og leggjast til grunn for kommunen sin vurdering av utbyggingsområdar, reguleringsplanar og andre areal- og naturbruksspørsmål.*

## LANGSIKTIGE AREALSTRATEGIAR

### TETTSTADSUTVIKLING, BUSETTINGSMØNSTER OG BYGDEUTVIKLING

Vestre Slidre skal dyrke sitt særpreg som ei kommune prega av landbruk og spreidd busetting, og støtte oppunder utviklinga av Fagernes-Leira som regionsenteret i Valdres. Samstundes skal det leggjast til rette for dei som vil bu sentralt i kommunen ved å vidareutvikle Slidre og Røn sentrum som dei mest sentrale tettstadene i kommunen.

Hovudsatsinga i Vestre Slidre skal være opprettholdinga av den spreidde bebuinga. For å sikre dette på sikt skal det satsast på frigjerung av ledige gardsbruk for sal eller utleie for å få liv på dei gardane som i dag står tomme. Vestre Slidre ynskjer å halde gardsbruka i kommunen intakte for å sikre moglegheita for drift for framtidige generasjonar. Kommunen skal profilere seg som ein god stad å bu for dei som ynskjer å bu på landet. Tradisjonelt og moderne landbruk skal prioriterast og bebygging skal i utgangspunktet være knytt opp mot stadbunden næring. For å snu den negative befolkningsutviklinga vil Vestre Slidre samstundes sjå positivt på søknadar som ikkje gjeld stadbunden næring når kriterier i arealdelen forøvrig er oppfylte. I landbruksområde skal det kunne godkjennas større tomter enn i regulerte områder når det er behov og ynskje om det.

Når det gjelder tettstadsutvikling vil Vestre Slidre støtte oppunder utviklinga av Fagernes-Leira som regionsenteret i Valdres samstundes som det satsast på utvikling av dei eksisterande tettstadene Slidre og Røn sentrum. For dei som ynskjer å bu sentralt i Vestre Slidre, skal det stimulerast til ny busetting ved fortetting av eksisterande bustadsområde eller etablering av nye felt inntil eksisterande bebuing. Ei stedsanalyse som gjennomførast vinteren 2017 vil danne utgangspunkt for vidare planlegging av disse tettstadene i kommunen. I tillegg må det utarbeidas ein heilhetleg visjon for utviklinga av Vaset som bustad-, hytte- og næringsområde.

### HYTTEUTVIKLING

Kor vil vi med Vaset?

### NÆRINGSUTVIKLING OG KOMPETANSE

Vestre Slidre skal prioritere tilrettelegging for tradisjonell og moderne landbruksverksemd. Utvikling av anna næring skal det naturlegvis også leggjast til rette for. Anna næringsverksemd skal i hovudsak etablerast i områder avsett til formålet. Det skal arbeidas for ei fortetting av eksisterande næringsområder. Røn og Lomen er slike eksempel.

Ein stor del av innbyggjarane i Vestre Slidre pendlar i dag ut av kommunen for arbeid. Vestre Slidre ynskjer derfor å støtte oppunder næringar som naturleg tilhøyrar Nord-Aurdal og dei andre Valdres-kommunane. Det viktigaste for Vestre Slidre er å sikre busetting ved å leggje til rette for at folk som ynskjer å bu i kommunen kan finne seg arbeid regionalt og ha gode transportløyser som gjer det enkelt å pendle ut av kommunen for jobb.

Det skal satsast på vidareutvikling av fagmiljø på matproduksjon og utvikling av lokal mat retta inn mot hyttefolk.



## **VAREHANDEL, OFFENTLEG OG PRIVAT TENESTEYTING**

Det skal støttes oppunder Fagernes som eit sterkt regionalt handelssenter, med eit levande og aktivt sentrum. Det skal samstundes støttes oppunder lokalisering av mindre dagligvareforretningar som nærbutikkar utanfor sentrumsrelaterte områder.

Offentleg og privat tenesteyting skal så langt det er mulig lokaliseras i sentrumsområder.

## **TRANSPORTLØYSINGAR**

Gode og sikre transportløysingar er viktige for kommunen.

E16-strekninga Fagernes-Hande er eit prioritert satsingområde for utbetring. Denne strekninga har stor trafikk og er ulykkesbelasta. Ei utbetring av denne strekninga vil legge til rette for kortarte reisetid mellom Vestre Slidre og Fagernes. Dette vil gjere Vestre Slidre særst attraktiv som bukommune for dei som jobbar i Nord-Aurdal.

Som en del av den regionale vegsatsinga skal også Begndalen og vegen over Tonsåsen prioriterast.

Vestre Slidre skal selje seg som ein stad med «god parkering». Det skal være enkelt å parkere for handlande og besøkande i sentrum.

## **JORDVERN**

For å motarbeide nedbygginga av dyrka mark, har staten som målsetting å halvere det årlige forbruket av dyrka og dyrkbar mark. Vestre Slidre skal bidra til å snu den negative utviklinga og oppmuntre til vidare gardsdrift og bruk av dyrkbar mark. Kommunen skal være restriktiv til å tillate nedbygging av dyrka mark, men i tilfelle der dette er nødvendig skal det vurderast tilsvarende nydyrking. Store og lettdrevne jorder bør beskyttast sterkare enn små areal med bebygging på fleire sider.

Naturens kretsløp tilseier at jord- og skogbruksressursane kan brukast bevisst for å redusere forbruket av ikkje-fornybare ressursar. Gode skogsbonitetar skal skjermast mot nedbygging, samtidig som aktiv skogsskjøtsel stimuleras. Det skal oppmuntras til aktivitet på stølsområder for å forhindre gjengroing og samarbeidas tett med hytteeigarar om jordvern og dyrehald i fjellet.

## **KULTURMINNER OG KULTURLANDSKAP**

Kulturminner og kulturmiljø er viktige kjelder til kunnskap om livet og levemåtane til menneskjer gjennom tidene. Særtrekk i kultur- og naturlandskap er viktige element og bør bevaras så langt det lar seg gjøere. Inngrep i lokalt viktige kulturlandskap bør berre tillates etter nøye vurdering.

Vestre Slidre er blant dei største kommunane i fylket når det gjeld aktiv stølsdrift. Økt utbyggingspress når det gjeld hyttetomter utfordrar bevaringa av stølsområdene. Hytteutvikling i allereie regulerte hyttefelt skal prioriterast og stølsområdene skal ivaretakast som landbruksressursar for dyrehald.

## **BARN OG UNGE**

Barn og unges interesser skal vektleggjas i forbindelse med arealbruksspørsmål:

- Nye bustadfelt skal spesielt vurderast med omsyn til trafikksikkerhet internt og langs skuleveger.
- Nye veger som blir del av skuleveg eller viktig veg for fritidsaktivitetar, skal etableras med fortau eller gang-/sykkelveg.
- Det skal etableras areal for lek og opphald (grøne områder) i forbindelse med alle nye sentrumsnære bustadområder.

- Det skal sikrast trygg adkomst til grøntområdene.
- Det skal sikrast og utviklast gode oppvekstmiljø for barn og unge i dei lokale tettstadene.
- Representantar for barn og unge skal konsulteras i forbindelse med alt planarbeid.

### **STRANDSONA LANGS SLIDREFJORDEN**

Strandsona langs Slidrefjorden er i stor grad privat eigd. Vestre Slidre ynskjer å ta i bruk strandsona i den grad det er mogleg, med vektlegging av allmennhetens tilgang. Utanom tiltak knytt til landbruk, kan det i enkelte områder tillates bygging ned mot vankanten gjennom reguleringsplanlegging, men ikkje på en slik måte at det hindrar allmenn ferdsel langs vatnet. Egna areal i strandsona kan tilretteleggast som aktivitets- og rekreasjonsområder, og disse skal stimulere til økt bruk og aktivitet, samt betre folkehelse og livskvalitet.

### **GRØNNSTRUKTUR**

Grendesentra i kommunen ligg med utsikt til- eller nær vatn med åsane som rygg og ramme rundt busettinga. Naturen i og rundt grendesentra er viktig for trivselen og helsa til innbyggjarane, deira moglegheit for rekreasjon, opplevingar og friluftsliv.

I fjellet skal bebygging ikkje plasserast så høgt oppe i åsane at silhuetten brytas. Turstiar og skiløyper skal sikras mot inngrep og nedbygging, og det skal i leggas til rette for betre turmoglegheiter. Der det er mogleg ynskjer vi å flytte skiløypar som ligg i vegen ut i ein eigen trasé.

Dei samanhengande turmoglegheitene for syklende og gåande skal promoterst og skiløypenettet skal vidareutviklast for å tiltrekke fleire turistar og hytteinteressentar.

### **NATURMANGFOLD**

Ved all utbygging må natur og miljøomsyn ha et sterkt fokus for å sikre naturmangfald og allmennhetens tilgang til naturopplevingar i sitt nærmiljø.

Ved planlegging av nye byggeområde og infrastrukturtiltak, skal omsynet til naturmangfald vektleggast.

Dette bør skje ved at arealdisponeringa vegas opp mot kjende registreringar av lokaliteter som inneheld viktige biologisk element. I tillegg må det tas høgde for at det kan være nødvendig med ytterligere utredningar dersom kunnskapsgrunnlaget ikkje er godt nok.

Det er spesielt viktig at lokalitetar som inneheld artar oppført i «rødlista» blir tatt omsyn til. Det same gjeld lokalitetar som innlandet har eit spesielt ansvar for i nasjonal og/eller internasjonal samanheng.

### **MILJØHENSYN, ENERGI OG KLIMA**

Vestre Slidre kommune skal gjennom beviste val legge til rette for ein arealbruk med gode løysningar for energiforbruk, og utslipp av klimagassar. Element i denne samanheng er mellom anna energieffektive bustadar, alternativ energi, høg skogproduksjon, reduserte transportbehov, og moglegheiter for alternativ transport til privatbil som kollektivtransport og aukt bruk av gang/sykkel.

For nye næringsområder og omfattande omstrukturering av eksisterande næringsområder skal alternativ energiforsyning utredast.

Miljø, energi og klima skal vektleggjas i kommunen sin planlegging og saksbehandling. Dette skal komme til uttrykk ved rådgjeving til eksterne aktører og kommunens egne val av byggeløysingar, inklusive val av byggemateriale, renovasjon med meir.

## **FOLKEHELSE OG UNIVERSELL UTFORMING**

Universell utforming leggjast til grunn for utviklinga av kommunen. Gjennom bevist arealplanlegging skal målet om eit tilgjengelig samfunn sikrast. Nye bustadområde, næringsområde, service og handel skal lokaliseras i forhold til kvarandre slik at det – i den grad det er mogleg – blir enkelt å ta seg fram mellom dei ulike funksjonane med kollektivtransport og/eller til fots eller på sykkel.

Nye bustad- og næringsområde skal planleggast slik at det er enkelt for orienterings- og bevegelseshemma å ta seg fram på eigen hand. Kollektivtransport skal være tilgjengelig for orienterings- og bevegelseshemma.

Eldrerådet og rådet for funksjonshemma skal rutinemessig trekkast inn i planprosessane slik at omsynet til bevegelses-, orienterings- og miljøhemma blir ivareteken.